

KOMMISJONSVEDTAK**2014/EØS/32/08****av 13. februar 2006****om godkjenning av at den italienske databasen for storfe er i full drift***[meldt under nummeret K(2006) 350]***(Berre den italienske teksta er gyldig)**

(2006/132/EF)(*)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA
HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1760/2000 av 17. juli 2000 om opprettelse av et system for identifikasjon og registrering av storfe og om merking av storfekjøtt og storfekjøttprodukter og om oppheving av rådsforordning (EF) nr. 820/97⁽¹⁾, særleg artikkel 6 nr. 3, og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) Italia har i medhald av europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1760/2000 lagt fram ei oppmoding om godkjenning av at databasen deira, som er ein del av det italienske systemet for identifikasjon og registrering av storfe, er i full drift.
- 2) Dei italienske styresmaktene har sendt over relevante opplysningar som vart ajourførde 22. september 2005.
- 3) Dei italienske styresmaktene har plikta seg til å gjere basen meir påliteleg, særleg ved å sikre at i) tilleggstiltak, medrekna kontrolltiltak, vert gjorde for å sikre at fristen på høgst sju arbeidsdagar for melding om kalving, flytting og dødsfall vert halden, ii) tilleggstiltak vert gjorde for å gjere det mogleg med snøgg retting av alle feil eller manglar som kan oppdagast automatisk eller ved kontroll på staden, iii) tilleggstiltak vert gjorde for

å sikre at all flytting, særleg til og frå marknader, vert registrerte i databasen, iv) tilleggstiltak vert gjorde for å sikre at kontrollar av identifikasjon og registrering av storfe vert utførde i samsvar med kommisjonsforordning (EF) nr. 1082/2003⁽²⁾.

- 4) Dei italienske styresmaktene har plikta seg til å setje i verk desse betringstiltaka innan 31. mars 2006.
- 5) På bakgrunn av det som er nemnt ovanfor, er det føremålstenleg å godkjenne at den italienske databasen for storfe er i full drift —

GJORT DETTE VEDTAKET:

Artikkel 1

Det er godkjent at den italienske databasen for storfe er i full drift frå 1. april 2006.

Artikkel 2

Dette vedtaket er retta til Republikken Italia.

Utfërda i Brussel, 13. februar 2006.

For Kommisjonen

Markos KYPRIANOU

Medlem av Kommisjonen

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 52 av 23.2.2006, s. 33, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 21/2009 av 17. mars 2009 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantesanitære forhold), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 28, 28.5.2009, s. 1.

(¹) TEF L 204 av 11.8.2000, s. 1. Forordninga endra ved tilmeldingsakta av 2003.

(²) TEU L 156 av 25.6.2003, s. 9. Forordninga endra ved forordning (EF) nr. 499/2004 (TEU L 80 av 18.3.2004, s. 24).